



Ph.d. i helse- og sosialfag:
Profesjonsutøving – vilkår og utvikling

Prøveforelesing og forsvar av doktorgradsavhandling

Doktorand: Reidar Haug

Fredag 6. mars 10.15–15.00
Høgskulen i Volda

[Lenkje til strøyming](#)



HØGSKULEN I VOLDA



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Reidar Haug held prøveforelesing og forsvarer avhandlinga si for doktorgraden i helse- og sosialfag: Profesjonsutøving – vilkår og utvikling. Ph.d.-studiet blir gitt av Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde i fellesskap. Disputasen er avsluttande del av doktorgradsstudiet.

Tittel

«Den svarte boksen» – ein kvalitativ studie av praksis i behandlingstilsetningar i barnevernet

Oppsummering

Avhandlinga undersøker korleis tilsette ved norske behandlingstilsetningar i barnevernet arbeider med ungdom med alvorlege åtferdsvanskar, og korleis styring, faglege føringar, organisering og juridiske rammer påverkar dette arbeidet.

Studien viser store variasjonar i korleis miljøterapi, omsorg, behandling, kontroll og medverknad vert forstått og praktisert. Avhandlinga viser at institusjonane manglar ei felles fagleg retning og plattform, og at statlege krav gir sterke og til dels motstridande føringar utan å gi ei metodisk retning. Dette bidreg til ulike lokale praksisar for omsorg, beskyttelse og behandling.

Studien synleggjer spenningar mellom rettar og medverknad på den eine sida og kontroll og risikohandtering på den andre, og dessutan mellom ein instrumentell, regelstyrt praksis og ein fleksibel, relasjonsbasert praksis.

Avhandlinga peikar på at ei regelstyring som er for stram, kan undergrave relasjonar og medverknad. Samstundes kan ein praksis som er for laus og utydeleg, føre til handlingslamming og lite føreseieleg hjelp. Avhandlinga løfter også fram

behovet for faglege rammer som støttar profesjonelt skjønn og bidreg til å oppretthalde balanse.

Bakgrunn

Utviklinga i vald, kriminalitet og samansette problem blant unge har gitt behandlingstilsetningar i barnevernet ei sentral rolle i arbeidet med å førebyggje vidare negativ utvikling. Institusjonane skal gi omsorg, behandling og beskyttelse til ungdom med alvorlege åtferdsvanskar, samstundes som dei er underlagde omfattande styring, juridiske krav og tilsyn. Trass i høge forventningar veit ein relativt lite om korleis dette arbeidet faktisk vert utført i praksis.

Gjennom mange år i praksisfeltet, mellom anna i arbeid med opplæring og rettleiing i barnevernsinstitusjonar over heile landet, vart det tydeleg for Haug at både tilsette og leiarar hadde avgrensa kunnskap om korleis andre institusjonar arbeidde. Dei same spørsmåla gjekk att på tvers av institusjonar: spørsmål knytte til bruk av miljøterapi, struktur, relasjonar, medverknad og handtering av risiko. Det same galdt i stor grad for avgjerdstakarar, byråkratar og tilsynsmyndigheiter, som har ansvar for styring av feltet, men ofte har lite innsyn i korleis føringar verkar inn på praksisen.

Samstundes finst det lite praksisnær forskning som undersøker kvardagsarbeidet ved behandlingstilsetningar og korleis styring,

standardisering og rommet for fagleg skjønn formar arbeidet. Særleg er det mangelfull kunnskap om korleis institusjonane handterer spenningar mellom rettar og medverknad på den eine sida og kontroll og risikohandtering på den andre.

Formålet med prosjektet har vore å bidra til betre forståing av korleis behandlingsinstitusjonar i barnevernet arbeider med ungdom med alvorlege åtferdsvanskar, ved å undersøkje praksisar knytte til miljøterapi, struktur, relasjonar og medverknad og dessutan korleis styring og faglege føringar påverkar dette arbeidet.

Kva betydning kan forskinga få?

Forskinsarbeidet vert allereie brukt i utviklinga av institusjonsbarnevernet, både fagleg og organisatorisk. Forskinga kan bidra til å løfte fram og synleggjere kjende problemstillingar på feltet og peikar på konkrete retningar for vidare utvikling av praksisar, både for institusjonar og miljøterapeutar. Samstundes gir arbeidet kunnskap som kan vere relevant for avgjerdstakarar i vidare utforming og styring av institusjonsbarnevernet. Avhandlinga peikar òg på fleire område og tema der det er behov for meir forskning framover.

Medlemmar av bedømmingskommisjonen

Anne-Kirstine Mølholt

seniorforskar, VIVE – Det Nationale Forsknings- og Analysecenter for Velfærd i Danmark

Cecilie Elisabeth Basberg Neumann

professor, OsloMet

Roar Stokken

professor, Høgskulen i Volda

Hovudrettleiar

Marianne Stallvik

førsteamanuensis, NTNU;
prosjektleder for regionalt kompetansemiljø i Bufetat, region Midt-Noreg

Medrettleiarar

Marianne Rugkåsa

professor, OsloMet



Reidar Haug (49) frå Ørsta jobbar no som seniorrådgivar i Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Han byrjar i ny stilling som høgskulelektor ved Institutt for sosialfag på Høgskulen i Volda 1. april. Haug har erfaring frå forskjellige roller i barnevern og institusjonsdrift dei siste tjue åra, i hovudsak arbeid med ungdom med alvorlege åtferdsvanskar. Dei siste sju åra har Haug jobba i Nasjonalt spisskompetansemiljø innan behandling for ungdom. Han har bachelorgrad i barnevern frå Høgskulen i Volda (2008), har mastergrad i psykososialt arbeid – sjølv mord, rus, vald og traume frå Universitetet i Oslo (2016) og er klinisk barnevernspedagog (2020).

Program

10.15: Prøveforelesing

Dilemma og moglegheiter når ein er forskar i eige felt: Makt og forforståinga si betydning for bidraget som er skapt i avhandlinga i høve:

- Rolla som forskar og ph.d. student
- Del av ei forskargruppe
- Statusen som byråkrat

11.00: Pause

12.15: Disputas

Tittelen på avhandlinga er «Den svarte boksen» – ein kvalitativ studie av praksis i behandlingstiltak i barnevernet.

- Prosesjon innmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømningskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet
- Dekan introduserer doktorand og avhandlinga
- Doktoranden gjer greie for avhandlinga
- Førsteopponent eksaminerer doktoranden
- Kort pause – ca. 10 minutt
- Andreopponent eksaminerer doktoranden
- Opponentar ex auditorio
- Prosesjon utmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømningskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet

Avhandlinga er tilgjengeleg for offentleg gjennomsyn frå og med 20. februar på Studentsørvis og i biblioteket.

